Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 64

Fylke: Sør Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Vinje

Emne: Død og begravelse

Bygdelag:

Oppskr. av: Guri Tomundal (?)

Gard:

(adresse): Vorsli (?) brukstø på Heim

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Begge dele

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

nr

SVAR

1 At reven luska kring garden, varsla fegd.
Han Halvard Isaksen bonde paa Lian, ha
verre til Hauset i Vinnsjøn aa sett om for-
eldra sine. Han var fødd der. Da han gjik
heim til Lian i fint maaneskin ein kvell
(sirka halvanna mil) følgte ein raurev etter
han heilt tilgards. Tva dagar etter døde den
unge sterke mannen av lungebetendelse.
Han fortalte om reven til kona si ho Marit
Olsd. Lian. Dette var i 1874
Naar sjura sett aa skratta paa stuetake
dag etter dag, varsla det „fegd". Dersom ein i
familien kom i „rangstrupe" ulme barde om
julkvelden, var det siste julkvelden han
levde. Ho farmor mi Guro Henriksdatter
Sødal f. Lenes 1821 sat samen med han far
og ho mor og ein stor huslyd paa garden Odden
i Hemne jula 1879. Saa fór ho i „rangstrup"
med maten. Ho vart saa ulukkeleg for dette,
at ho gret heile kvelden og natta. Ho trudde
fullt og fast paa det. Ingen andre trudde paa
det. Han bessfar Nils Sødal lo bere og snakka
det bort. Men ho bessmor levde over 20 aar
etter dette. Eei anna historie fraa Rindala

13068

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

der mannen min er fødd: Ein ungut
som gjik jønnom tune i mörkre ein fin
haustkvell, fekk ein vaat snöball i nak-
ken. Han törka vekk snöen med henderne.
Kjende soa <u>vel</u> det var blaut snö. Han gik
inn og fortalde det. Snö fantest ikkje ein
gong i fjelle enno. Men gamalt folk
tenkte no sitt. Vinteren etter omkomst denne
ungguten i snöras i fjelle. Omkr. 1860. Det
var sakt at ein i slike höve burde varsle
folk, kva det tydde. Kansje det og vart gjort
somti. Om det kunde verje seg mot ulukka
eller dauden veit eg ikkje. Men kunde <u>bu</u>
seg poa det lell. Hanen som gol om natta
varsla feigd poa garda. Aa om hesten som
drog eit lik til kyrkja i garden, stoag seg att-
ende med det samme som for fraa garda
tydde det at det snart kom andre etter.
Eller noar di to talgljosa som vart boare
ut förre kista, slokna för ein kom under
<u>ber</u> himmel med dem, vart det snart <u>lik</u>
igjen i huse. Som eit barnsminne kan
eg fortel at di to menn som bar desse
ljosa förre kista, helt dem tett attoat seg
og la eine handa over ljose. Soa skulde ein
kjenne etter om lika ein la fraa seg, stivna
fort. Eit lik som laag lenge för det vart
stift, venta fleire etter seg. At röyken fraa
likhalmen slog inn over garden, er det
fleire enn Dauen som kan fortel var farleg.
Kattugla var ein olökkes fugel. At ho helt til kring
husa og flaksa lakmillom i mörkre, varsla
feigd. Eller noar smaabarn drog eit plagg
over haue sitt, slik at det skjulte ansikte, tydde
feigd for barne. Heller ikkje var det bra om ein
<u>saag</u> i ein fleykelig blenk förre seg i vegen

13068

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING Emne no. 64 V



i gangstigen eller i skogen, ein ein kjende. Da var vedkomande feig. Eller det låg flis eller halmstubbar slik att det danna seg som ein kors, på golve eller på marka. Da var einkvan feig. Singling ein kan hö for öyro serleg om ein er forkjölt, var kalla „Dö-mannsklokko." I den stunda döde ein eller annan ein kjende. Ho Eli-Maria bu deia kemavanor född omkr. 1840 på Ulofset i Vinje fjorden, var so sikker på dette. Ho ha sett det slag tit ofte. Ei historie eg har fortalt för om ho Ane-Marta Rapa som enno lever 76 var g. lijt eg la med se: Ho låg og vodla höyje åt kyrne i fjösmunga ein kvell. So vart det slike leven under låvgolve. Ho sprang med låvkloppa, skulde sjå. Men såg ingenting. Dette tok seg opp att kvell etter kvell. „Sist på vart eg sint" sa ho. Ho slappa i golve og meint på at no villet ho ha fred. Og da vart det stilt. Ho visse det ikkje seinar. Eg spurde kva ho trudde det var forslag? Ja kva det e ja? Det e no vel einkvar slags stögghest so fer omkring os veit eg. Ellest da so låg no likkjist föl'in hass bessfar uppi låvo. De va velberre e varsell. For han bessfar dö no han den vinteren." Slike utsagn har eg haurt mange av. At småfuglane satt og pikka på vindaugsruta, tydde og feigd for ein i huse. Bra var det heller ikkje om talgljose rann ut for fort. Det var livet som snart skulle renne ut for einkvan i huse. Somme trudde på alt slik. Andre mindre. Men for vas det i min barndom som heilt oversåg det. Einast di mange sterkt religiöse som Hemme ha mange av i före hundreåare.

13068

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Er ellest rart aa legg merkje til, kor over-
tru og gudstru kunde goa eit i eit.
No 2 Men om julkvelden eller kring eit döds-
fall veit eg ikkje om serlege varsler.
3 Nei det trur eg ikkje eg ha haurt.
4 Ja det fandest da gammelt folk som soag
mer eller varsler enn andre. Oa som kunde
fortel noar dem vart spurt. Oa som folk nok
trudde poa. Kanskje dem i all löynd kunde
bli spurt. Men eller eg kan minnost var
det lite, populert "oa spör", eller oa fortel
det slikt soag. Men at det var mangen fattig stak-
kar som let soa at han soa inn i framtida, berre
for aa narra mat eller anna av folk i ei
knipe, det veit eg om. Berre ikkje nokko
om dauin.
5 Jau fegdarlus har eg haurt nemt. Det
kan vise seg ei slags lus poa folk som ellers
alder ha dem slaks.
6 Jau „fegdar-moale" eller reismaale"
som det og bli kalla. Det hender at folk
foa lemer för dem döe kan eta meir enn
dem har ete i vikevis. Eg har sett dette
eingong. Fegdar-moal. Reis-moal"
7 Nei ikkje nokko bestemt sted. Helst döer
dem ellest i senga si. Eg veit at baade
tjenara og andre loag poa det romslege
stuo-lofte der 5-6 andre loag. Oa om ikkje
sjukdomen vart allfor langvarig fikk dem
dö der. Sjölfolkje, koarfolkje eller borni i
huse, loag i stuo eller stuo-kammerse.
8 Matvarer eller arbeidsgogner vart flötta
ut. Arbeid som laga stöy skulde innstillast.
9 Alt dette har eg alder haurt om. Men ein
skulde sett attme senga natt og dag. Pass
poa aa rette poa klea eller löfte han opp

13068

eller lit og med, bere han over i ein stol
eller ei anna stog, om han bad om det.
Ein skulde gjera alt som han bad om. Det
høyr med til god folkskikk. Ein annan
sak er at det ikkje vart gjort somtid. Serleg
om det var ein fattig stakkar. Soa er det
nokko eg har merkt meg: Ein skulde noar
ein satt attmed ein döände lesa eit guds
ord – anten högt eller bere för seg sjöl.
Folk som var alt anna helselig iöke greip
til dette nödvegje, noar döden nerma seg

Dette bör brade 10-11

10 Vart nok senda bud poa presten. Men
aat fattig folk vart han ikkje henta til van-
leg. Da laut den döjande forlange det.
Aa det tydde folk som at han ha nokko
serskjilt aa „bekjenne". Men i seinare
tid, det vil sei for 100 aar sia, fantest i
Uemma ein og annan vaken kristen, som
nekta presten aat den armaste stakkar!
11 Skulde presten koma, vart det skjikka
serskjilt poa den som var sjuk. Senga vart
og bykka poa. Aa soa sette vi eit lite bord
framom senga, la ein kvit duk poa, og
to blanke messingstakar med kvar sit
stort heimgjort ljos. I kvart manns hus
var messingstakar den gongen. Om ikkje
fikk ein laan. Soa snakka presten lenge
med den sjuke. Las eit avsnitt av bibelen
song eit par songvers. Aa soa nadverds-
ritualet. Den sjuka vart stötta op av puter
om han greidde det. Aa soa fikk han den
hellige nadvere. Presten bad ei bön og
song ei salme. Husets folk satt gjermort
samt i romme. Som me song med presten.
Ei alvarleg högtid for heile huse.
Ellest meddelte presten natveren til

13068

6

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

folk som vart liggande aar etter aar
utan at det akkurat var ein döyande.
Men da laut han budsendast og köyrast
heim. Vil nytte höve tilaa sei om vaare
prestar avidag: Dem tek sin plikt som
sjelesörger langt mer samvittighedsfullt.
Dem sjer om sjuke og gamle ubedne. Men
for 40–50 aar sia döyde mang ein gammel
stakkar, bortsett paa kommunens rekning
utan at sjelesörgeren svag om han. Men
slikt ble individuelt no som för.
Var det velstands folk presten kom aat var
det skjikk aa tekk han fraa ei gave. Peng eller
naturalia. Flesk, smör eller anna.
12 Inest kvar grenn var det ein eller fleire
som ha ord for aa vera religiöse, eller mer
enn vanleg forstandig til aa ordlegg seg.
Slike kunde budsendast. Eller kom
ubedne for aa sjaa om folk som var sjuk
eller döyande.
13 Folk som ha pengar eller anna eigendom
ordna sjölsagt kor slikt skulde delast.
Kom ikkje dauden altfor fort paa dem, vart
slikt ordna skriftleg, eller med vidners
utsegn utan skriftleg. Aa eg veit om mange
som sa före om baade gravöle og anna.
Ho bestemor mi Marit Jonsdotter Holden
föd 1818 död 1890 snakka om kva dem
skulde ha til gravölsmat og alt anna ve
gravöle. Det veit eg fleire har gjort.
Aa gjer det sikkert dagen idag.
14 Han somna, „slokna" eller ga opp anda
kunde og seiast: Han fekk da gjörn seg eller
„han smella seg ut de." Han slapp ut han.
„Han kom bort so fort han" Eller „han e no
ferdig med det." „Han ha skidd ifraa seg"

13068

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING


15 Aa hallde ein spegel for munnen har
vorre gjort. Eller halle ei hand av den döde
og imot eit lut lijs. Millom fingrarne
sjer ein da alder den raue randa som
levande blod viser millom fingrarne.
(Den roada leide eg av ei sjukesöster.)
16 Har alder haurt om det froa lemmaa.
Men det var ein skjik at ein skulde latt
den döde ligg i senga si 4-5 timar etter
döden. Aa tömmer sa iallfald at det var
for aa varra sikker paa at han var heilt
död. Men da og skulde ein pröv med ein
spegel for munnen.
17 Aa latt at augo var det förste ein
skulde gjera. Ellers vart det vanske
leg at dem la seg att. Eit myjnt paa augo
var vist noksoa vanleg i rekkelig gamal
tid.
18 Songboka var det vanlege. Men ei i
lenger tid no ikkje bruka. Avdi folk
no veit, at boka da lijt brennast. Ho
er ureein. Men eit bein er nödvendigt
i fleste tilfelle.
19 Ja det har haurt med til gamel skjik
at huseet folk i allfald ikkje oaleine
skulde gjer dette arbeie.
20 Dette bude gjekk kven som helst av hu-
sets folk med. Men ikkje barn. Ha
ingenting med "Barn" aa gjer. Tyde
bere at ein laut for hjelp paa aa vaske
og bere ut like. Lautl ofte vera to om
det om det ikkje var eit man folk i huse.
21 Har eg alder haurt!
22. Aa latt og vinnaga var det förste ein
gjorde. Da var soa lenge til at ein

13068

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

skulde vaske like og legge det paa den benken, eller lik=fjöla som vanlegvis fins paa kvar gard, var det aa bere ut sengklea til vasking. Aa ellers alle kle den döde ha hatt paa. Det er fortalt at somme standsa klokka. Men det er i tilfelle ingen aalmen skik froa gamelt av. For klokke hadde bare di fleste bönder i Vemma for nokko over hundre aar sia. Heller ikkje var vegg=speiel vanleg. Men no er lakenet for speieln nokso vanleg.

23 Som eg alt har sakt, var det fast takst for 50–60 aar sia, at like ikkje skulde rörast for 4–5 timar etter döden. Truu det helst var for aa sikre seg mot skjinndöd. Men i seinare aar veit folk meir om korleis dem ska sikre seg mot skjinndöd. Soa like kan bli flötta soa snart ein granne kan kom aa hjelpe til. I di fleste höve no er ei sjukesöster ikkje langt unna.

24 Som eg alt har sakt er det ei likfjöl og soa to skameller, som seinare bli brukta under kjista. Finnes ikkje anna kan ein bruke eit par stolar.

25 Halm har eg alder haurt vart brukta. Ein laut legge eit laken over lik=fjöla me ein vaska.

26 Meininga med dette orde tyder paa at halm eingong har vorre brukta under like. Det er parallelt med orde: Han kom no paa stroae der i husa. Eller: Han har vorre sleik froa den dag han kom paa stroae. (Veit at skjikken med at ei födande skulde stoa paa kne paa ein halm=lopp, helt seg her og der i avkrokar i Vemma til omkr. 1880. Har fortalt om det för)

27 Senghalmen skulde brennast soa fort som mulig. Helst dagen etter, om det ikkje var forsleik vim.

13

28 Men ganglea har det <u>ikkji</u> vorre skjikk aa
brenn, sjöl om det var smittsam sjukdom.
Slikt vaska og koka vi. Aa lett folk som trong
det fraa dem. Eeinast skinnfellar laut bren-
nast om doktoren sa det. Dersom det ingen dok-
tor var som bestemte, aa det vart di fleste til-
felle blant vanlege folk i gamle dagar, soa
kunde aakleet bli spretta froa fellen og
koka og vaska. Fellen vart soa lakt poa
maurt-tuva. Aa seinar piska og lufta.
29 Om det eller all sansynlighet vart bruka
halm poa lik-fjöla, vart den og brend soa snart
like vart lakt i kjista. Slik halm vilde nokingen bruke.
30 4-5 timer för i tida. No er det 1-2 timer eller
som det höver.
31 Helst ei av grannekonene.
32 Nei det har eg alder hört om.
33 Ja var de ei kvinne skulde ein reie og
flette hoare poa sammo moaten som ho
var vant til aa ha det.
34 Ja det er ein gamel regel, som og bli bru-
ka dagen idag.
35 Ja baade froa hand og fot.
36 Ja. Serlig overkroppen. Aa soa fötterne.
37 Har eg alder hört. Men det <u>kan</u> ha hent.
Var iallfall ikkje vere enn aa grave fram
bein poa gravstaden og bruke dem som midesin!
38 Likskvip har kansje vore bruka om det la kan
som kraz og ein skulde ha liggan. Men eg er ikkje
vitskar poa det.
39 Lik-serk lik-sjorte. Aa soa lik-lakan. Da
ha ein det som trongst. Eit eller anna under
haue og eit plagg over halmen under like, kunde
ein godt laga av eit kravt-gammelt. Har ikkje
hört nokko anna namn enn „likkle."

 NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

40 Jau. liklakane hauv med til likklea. Det
laut vera saapass langt, at ein kunde sjule
föten og hatte. Aa soa breit at ein kunde
brette det godt inn under kroppen paa
baae sior. I gamle dagar noar det vart
laga av heimleret, laut det vera av to breidde
i voven. Kansje det da, her og vart kalla lik-
bleia. For orde blei vart alltid bruka om
kvite kluta ein brukte kring smaaborn.
Aa lik-sveip! Trur mesld eg har haurt dette
orde i min barndom, noar eit lik vart fjelga
Men eg er ikkje sikker.
41 Det trur eg knapt var vanleg. Vart vel
helst som ein ha noad til. Mange vart
nödd til aa slit ut heile utslyrse. Kan i denne
samenheng nemn, at eg eingong la liket
av ei gamel kone i kjista. Ho hadde bestemt
at ho vilde ha som liksark, den sjorta man-
nen hennar ha da han stod brudgom. Ho
ha saama kö om og forandra ho litegran.
Mannen hennar ha vorre död over 50 aar.
42 Nei ikkje anna enn serk, sjorte va soa
liklakan. Var eingong vore med og kledd
eit lik med unnerkleg og kvite bomulssokka.
Det var i 1892. Ikkje i heimen men paa Veb-
lungsnes i Romsdalen. Det kan hende at ein
lyt lak ein kvit klut, av eit eller anna og
brette kring föten soa dem ikkje bli heilt
bar om likanet er litegran stött.
43 Trur det vanlege var at dem saauma
seg likklea serskjilt. Men det vart kansje
baae dele. Ei gamal kone som döde for 15-20
aar sia hadde bestemt at ho vilde ha ein
fin linsark med mange fine blomster-
saumar med i grava. Kansje det var

13068

 11

brudaserken. Men somme dokka byttle ut
den serken med ein annan. Vaeg kan meist
ikkje forklaarsje kvi det. Gamla kjerkk Ingrid
Olsdatter Eidsdalen født i Rindala kring 1835.
44 Ja i gamle dagar da barnet var ukjent.
Men di siste hundre aar er det sikker
berre med fra unnatak.
45 Apsolutt ikkje.
46 Var som sakt sett strømper paa lik bere
eingong. Men eg har haurt at standspersonar,
slik som Kapelan Johan Lassen som
døde paa Lian i Ulenorre omkr. 1830 vart lakt
ut med hosso og ridestøvler. Saa det var
nok skjikken blant storfolk. Men alder
blant bønder det eg veit.
47 Det og er sikkert nokko som haur bere di
Kondisjonerte til. Var alder haurt om slikt
blant bønder sjøl om det var velstandsfolk.
48 Det har eg alder haurt om. Men aa pynte
opp med blomster om ikkje akurat krands
over haue, men lause blomar over haupeta
og brøste, og ein bukket i hendene, det har
varre vanleg i seinare aar, med barn og
kvinnor. Trur det er mindre for menn.
Men alt slikt høyrer til berre di siste 50-60 aar.
49 De har eg heller alder haurt.
50 Det møtte da vera hos „Kondisjonerte"
51 Aa sei nøyjaktig naar, er umulig. Men
omkr. 1890 kun eg det var vanleg aa kjøpe likleret
og laga sveipen sjøl. Eg var ofte med
ho foster Marit Sponland og laga slike
klea. Det var eit noksaa stort arbeid. Eit
lakan som skulde brukast under liket
og var saa breit at det laag utom kjista
fra alle kantar, skulde kløppast ut i fint

13068

 NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

mönster kring heile kanten. Aa soa kan-
puta fylt med hövelspon skulde og ha
eit underlag slik at det noadde godt
utom kjista og utklöpt i mönster i kan-
ten. Soa sjölve serken eller sjorta (Liket
ha eit vanleg linet under) Det var laga
med to breie foldar heilt froa halsen og
eit stykkje nedom tölerne. Klypt soa det pas-
sa kring hols og skuldrar. Aa soa armar
ein berre bretta inn under sjölve sveipen
og festa med knappnoale. Aa soa ein kraga
kring halsen. Armarne var pynta med
fine utklypp kring hendene og ei kvit
slöyfe. Aa soa kragen kring halsen hadde
ekstra fine mönster i utklyppe. Tilslutt
eit laken over heile overkroppen og kane
Alt utklöpt i kantarne og elles over alt
med smoa fine mönstre delst i form
av smoa kors, serleg for dette overla-
kenet. Ein fikk jammen rappe seg, for
det var eit langt og omstendeleg arbeid.
52 Ja no er slik soa lettvint. Det er berre
og ringe til forretninga som handlar
med slikt. Först dette vart vanleg skjit
var det eitslags lyj. No er det fleire oar sia
det har vore anna hell paper. Men det er
boade pent og praktisk. Aa heilt nödvendig
soa lite hjelp det er i kvart mands hus.
53 Ja det er kalla sveip. Liksveip.
54 Nei ikkje at det skulde hjelpe mot sjuk-
dom. Men om ein lett einne handa glä over
handa eller ansiktet poa like, skulde ein
slepp aa dröm om den döde. Dette har eg
ofte sett folk gjorde. Men tydinga av det
har eg funne ut lenge etter eg vart vaksen.
Eg har havert folk sei det. Kansje denne

13068

tankegangen ennå i al slikt ei meir vanleg enn ein trur. Ho Doarlea Larsdatter Sövasli fødd 1876 soa det eingong i 1920 at ha alltid laut, la li dem": "for heller soa kan eg bli plaga med å drömme om dem."
55 Ja eg trur heller folk var redd beröring med lik. Da eg har kjent folk som helst aldri vil sjå lik. Dette var heilt frå først eg minnest. Altsoa for over 70 aar sia.
56 Nei har alder haurt om slikt
57 Det kan da ha forekomme. Men eg har alder haurt det. Tvertimot vart alt som hau[r] liket til halde for ureint og skulde voskast
58. Da ha kjista ferdig, trur eg knapt har vore brukt i Vemma. Har haurt om det frå andre bygder. Men aa ha bereverk til ei eller fleire kistor paa ein mands gard var dyrt av nöit-vendighet. Den gongen kvar fjöl laut sagast paa hansag. Da folk som kjöpte slikt laut da sjölvsakt ordne med det. Om det var den ringaste husmann eller inderst sörgja han for slikt, oa sant han kunde. Det var ei skam aa plaga anna folk med slikt.
59 Det er truleg at det var tre-nagler i ei likkiste som i alt anna treverk, den gong kvar spikar skulde slaast i smie. Da ikkje alle husmenn og strosittara ha smie eingong. Da jarn var dyrt.
60 Ja bastelaug var det slikker. Ein lyt huge paa att anna laug var berre det ein kunde laga seg av heimavla lin eller hapayr. Soa det vart altfor dyrebart og legg i jorda. Merkjeleg er det heller ikkje at det vart laga slike bere-band av vidjar. Kunde paa mange plassar vere litt nok og skaffe tast. Det laut da skog til det.

13068

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



Men henker med vidjar kunde folk faa gjort nokso billeg. Var nok verre med bord.
61 I kvar grenn var det ein eller fleire som gjorde det.
62. Fyrst eg kan minnast vart det brukt lite-gran sot – helst av ei stor gryte. Aa blanda med vatten. Dette er sikkert den gamle maaten fraa langt attende. Seinare har det vorre svart maaling.
63 Fyrste gongen eg saag det var for over 50 aar sia.
64 Det har eg alder sett. Heller alder haurt om det.
65 Höövelspon. Han som arbeidde kjista sorda for det.
66 Berre höövelspon.
67 Ja baade kjista og sveip. Det kjöpt poa ei av dei to slike forretningar vi har her. Ei poa Kjölsetersöia aa ei poa Tingeöia. Tagenser utan innmalak kvit.
68 Har alder haurt om anna ein skulde legge i kjista, enn Seiershuva. Salmebok eller verdijenstander, har eg alder haurt nemnt. Ringar og ördobler var leke avlike. Dette gjelder bönder og vanlege folk. Men av eit og anna eg har haurt om dei mange gods-eigarar og kondisjonerte som kemme var saa rik poa for 2–3 hundra aar sia trur eg som sikkert at det fölgde dem eit og anna i grava av verdiar. Om den för nemnde Kaplain J. Lassenius poa Lian har eg haurt at han fekk med seg i grava den svære koarden han ha bruka. Ellest ha slike fornemme folk den skjikken aa halda slike intime ting utanom den gemene hob."
69 Vart svaldis lite kjent i tilfelle.
69 Det har eg alder haurt. Men om baade mor og barn döde, var barne lakt i armen poa mor sei,

13068

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING





70 Det er godt muleg at det langt attende
vart laga eitslags pynt av halm eller lyng.
Men har alder høyrt om det. Dei første kjister
eg kan minnast – froa 1880 hadde som einaste
pynt ein lang krands av tyttebærlyng eller
og krøkjelyng. Kransen var lakt i kunstferdi-
ge ringar kring heile kjista. Men ei fortelling
eg høyr av ho Gjertrud Eriksdatter Stölen
föd 1864 kan eg ikkje gjeva. Da ho Gjertrud var i
10 aars alderen döde einaste söster hennar.
Kjista ha den vanlege lange kransen. Men
Klokkarkona ho Johanna Stölen laga ein
liten krands av lông og paper blomar som
ho la poa kjista. Oa den kjente bygdespelmann
og komponisten Ola Nilsen Brekken, laga
eit fint sörgedikt over denne unge Marie
Eriksdatter Stölen. Diktet som var flaktu-
reret i svart smirkla fine bokstavar, var festa
mit inne i denne kransen froa Klokkarkona.
Folk var opp i undring. Ha alder sett soa
fin likkjiste. Oa dette var berre eit fattig
husmands-barn. Men enda gjekk det lang
tid för slike smoakransar vart vanleg.
71 Har alder høyrt nemt lingrö i den samanheng.
72 Det kan godt ha vorre bruka. Men har alder
høyrt det. Men at det i sterk varme vart
sett eit par stampa eller böttor med vatn
i rommet der like loag, har ofte vorre gjort.
73 Folk var soa redd han skulde "goa att"
at det sikkerst vart like forholdsreglar her.
Men di verre kan eg ikkje finne nokko sikkert.
Staal og gudsord, helst böker, bruka poa
rette moaten kvar eg? – vart ei hjelpesoad.
Ja eg er sikker poa det. Kan berre ikkje finne
troaden i det heile. Ska pröv seinar aa leit
meg fram til det.

13068

16 NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

75 Ja kansje di aller nermaste. Men eg trur ikkje det var vanleg skjikk. Men seinar kunde gamle kjendingar, kom aa „sjoa liket" di dagar før gravøle. Serleg om dei ikkje va bøve til aa bli med i gravøle. Orde kjistlegg har eg ikkje høirt.
76 Folk som kom for aa sjoa like, fekk vel mat paa vanleg vis. Men dans – nei det har eg ikkje høirt om da!
77 Om det var 2 bur paa garda – eit for bere korn og kle, kunde like stoa der. Men alder i eit vanleg stabbur med kjøtt og flesk ellar flatbrød og anna mat. Men det har vorre det mest vanlege aa ligge liket paa loaven, da vart det rydda opp og boare vekk arbeidsgogner eller for. Gølve sopa og strødd med eine. Aa lodvblökka slengt. Loavdöra skulde og vera atthaft da. Men folk med mindre husrom laut vel gjer dette soa ymse. Ved folk attme sjøen sto nok lika ofte i naustet eller paa naustloemmen. Eller og i vedsjule eller ei sval. Det er ikkje for alle liker, verken i liv eller daue.
78. Med pyntes vart det vel soa ymse. Bar av eine paa gølve. Kansje grøne greiner av eit eller anna. Men laag liket i ei stuo vart speglar og vinaugo dekt med kvite klede. Aa blomar her og der kring romme.
79 Var alder sett ein barsal. Veller aldrig høirt om det. Har knap vorre bruka i Vemma.
80 Vart alder bruka her!
81 Nei ikkje før gravølsdagen.
82 Ja det er sikkert ein eldgamel regel som alle respekterer den dag idag. Men ska tru om ditte aa leg like „rett" eller med føttervne mot døra var ei tryd mot at han ikkje

13068

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 

skulde goa att."3 Det ligg for meg som ein veik tanke. –

83 Ein ska alder goa ifroa eit lik uten aa brei over ansikte. Men om loakke ikke vart lakt over kunde like halda seg lenger uten at det lukta. Men ein laut passe poa soa kjista slo slik at det ikkje kom mus og rotter til. Eg var eingong med aa la vek eit lik, der rotta ha sett sit snit til aa vansire ansikte poa ein gamel mann. Eg kan ikkje tiljeve meg sjöl dette, dagen idag.

84 Kan ikkje kom ihau sei skjelt ansiktsduk. Men for det kan det godt ha vore.

85 Veit ingenting om det. Det var lakenet som dekte ansikte.

86 Ja naboer kunde da kom. Men alder born.

87 Gravkapel har det vore i 20-30 aar baade med lemmene hoved kjerke og Ving k.

88 Gravkappellet bli bruka til aa sette liks i for folk som bur reent kjerka. Men er slett ikkje stort nok til aa samle folk i under selve liktalen. Soa eg trur at skjikkerne i alt vesentleg er di sommo som för.

89 Det har froa gamalt vore halde for aa vera usömmeleg aa halde latter og leven i huse, noar det lög lik poa garda. Til og med i gjamle gardar heilt ein seg etter dette, soa lenge like loag heime. Vaskarkjerengar snekkara og andre gjek „stilt i dörene".

90 Ja arbeid som kunde oppsettast var utsett. Ein skulde ikkje linge lysing til giftarmoal eller emne poa bröllopsloatt i slike höve. Det er ei kerne etter ein gamel husmann at han Ola va no ein klure all sin dag. Han la seg til aa döj akurat den vika som han tenkt aa ha bröllop. Han beig dem da og.

13068

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

91 Ja nokkor fast sörgetid har eg ikkje haurt nemnt. Men om ei enkje eller enkje-mann gifta seg, eller berre viste lengst til slikt di förste to aar etter dödsfalle, var det halde for skömmeleg. "Ho kein no gjern ha lett han foa kaulna i grava först" er eit van-leg uttrykk. Enkjemanns sorg er liksom han-bogestöytlen, det goar snart over. Desse to ordlak har vorre brukta froa gammelt.

92 Ein skulde fara stilt og lougmelt fram. Dans og drikk var til aa skjemm seg og sine med. Eg kjem ihau koa folk sa da han Per Dalem sto poa grefta etter den vesle guten sin — blinnfull soa folk laut passe poa soa han ikkje datt ni grefta: "Han drikk no all di ander daggan noar han er poa öra. Men ett han ikkje hellt seg froa det den dagen da"!

93 Aa vera svartkledd i ei begravelse har vist til alle tider varre vanleg. Men det var no gravölsdagen. Aa seinar og noar ein var blant folk, som i kjarka, i bryllaup og andre samkomor. Serleg moa alle kvinfolk ha svarte hauplagg. Det var vanleg at alle vaks-ne folk ha ei slik svart drakt. Aa den kan brukast boade i sorg og glede.

94 Nei det veit eg ikkje om.

95 Nei ordlak omkring dette veit eg ikkje om. Men det har varre halde for merkje poa lite forstand, om ein gav seg hemmings-laust over til sorg. Det var ei aere og bera det stilt og sömeleg.

96 Nei det har eg alder haurt.

97 Ja det kunde da feinnast kloke og sin-dige folk, som ha evnen til aa snakk dem til" slikt at det hjelpte. Ellest er det

13068

sakt, og er gamel röjnsle at ei kjøsle-
sörg lyt ha si tid. Kan og fölgje ein heile livet.
98 Berre fattigfolk vart gravlakt paa ein söndag. Ellest kunde ein bruke di andre dagar
berre ikkje fredag. Den kunde ikkje brukast
til nokkor slogs fest. Om dette har sin opprin-
delse fraa kristendomen er kanskje eit ope
spörsmaal. Men fredagsbrur var ein skygge
dom, som valda ulökk. Laurdagen har vore
det vanlege for gravöl. Da fek ein sondagen
til aa ordne seg paa, for lang farande gjester
99 Likferd, gravöl har vore di vanlege uttrykk.
No blei det helst sakt gravöl eller begravelse.
100 Liket skulde „syngast ut" i den stuo der
den döde hadde levd si tid. Ellest bruka for
alle i huse. Ja om det var eit legslem, vart
det „utsongje" fraa dagleg stova. I somme
höve serleg om det var ein gamel hus-
bonn, var „hustuo" beste stuo bruka. I fint
sommarvêr kunde ein og hall til paa tune
om det var somaat om som.
101 Ja det har og vore i eit einaste höve. Det
var i 1895. Ei gamel kone paa Barhals vart
utsongje. Marie Jakopsdatter f. Mo.
102 Nei aakleet vart alder lakt paa kista
för ein skulde för like fraa tune. Aa da
og berre i ulöke ver. Om fargen paa aakle-
et har eg ikkje haurt nokko saaskjell. Ein
tok berre eit vanleg fell=aakle. Dei var alle
berre mörk i fargen.
103 Ja to ljos, heimelagaaa i to fine stakar
vart plassat paa kjesten. Saa snart ho vart
boaren inn i stuo. Messengstakar. Kanskje
somme i gamle dagar ha sölvstakar.
104 Skulde i alle tilfelle vera to ljos.

13068

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

105 To av likberarne tok kvar sit ljós og gjekk føre han som song utgjønom gangen og ut paa dørhogga. Kunde og vera eit par slektningar som fikk denne jobben.
106 Nei som sakt, det kunde vera eit par slektningar. Kjem ikkje paa nokkon serskjill. Har alder haurt at born vart brukt. Det var eit ansvarsfullt arbeid aa halda bo i ljóse til ein kom under ber himmel, som eg alt har sakt.
107 W. under ber himmel. Var vere Still kunde dem gaa heill ned paa bene.
108. Har alder haurt nokko serskjilt om det.
109 Veit om at dem brende ljós første natta etter dødsfalle. Men ikkje føre gravøle.
110 Gammelt attende haurt. Det nok med til god skjikk at ein helt seg vaken første natta etter eit ~~lik~~ menneskje var død i huse. Like lang da i senga si. Da 2-3 av di neraste satt kring eit talgljós. Song ein song las eit guds ord. Aa elles snakka stilt seg imellom. Folk som elles ikkje var sers gudfryktig kunde bli det i slike stunder. Men dette har eg ikkje sett. Bere haurt om det, Lig kanskje 100 aar attende. Men eg veit de var slik. Laut passast paa at det fantest store ljós i husa. Ei bra skam om det vanta „lik-ljós.
111 Trur det lig opimot 100 aar attende.
112 Har alder haurt dem nemnt!
113 Det veit eg heller ingenting om.
114 Ja det er heilt almindeleg.
115 Er ikkje godt aa lid seie. Hos smaafolk, eller der veien var lang for presten. vart nok lokale krefter brukt. Men presten har nok vore med i di fleste høve di siste 30-40 aar.

13068

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

116 Fanst ingen i grenda som kjende seg kvalifisert til det, laut ein utom grenda. Seraren var ofte den vissaste. Men mang ein vanleg lekmann utførte dette norverve og kom seg bra frå det. Han kunde fø med ein av gestene til å syng.
117 Ja det har sikkert vore vanleg i gamle dagar, utan at eg kan nemne namn. Det ligg i namne gravøl. Olle var stelt i gamle dagar. Maltøl. Kansje og brennvin.
118 Øl og brennvin sjølsakt. Øle av store bollar. Brennevine i suna slaup eller krus.
119 Likberarane som var linge. I Henna har sønnene i huse og nære slektningar vore brukta. I Aukdala som ligg heilt oppi bakslage her, skulde ein linge uslekt folk. Var det ein gamel som var boren ut skulda det vere eldre folk som bar. Ungdom om det var ein ung.
120 I Henna skude det ne top vera paarørende.
121 Trur denne regelen er vanleg enno.
122 Ein staaande regel: Fotenden først.
123 Har eg alder hørt om.
124 Slikt har eg alder høurt nemt her.
125 Ja bare blev strødd over veiene heile lune. Aa paa di kvitskura golva i alle rom i første-etasjen. Som me strødde bar etter gardsveien og.
126 Har kansje vore skjikken, helst naar dem skulde i baat. Men det vanleg var at eit par mann da flötta likskamelarne ut fraa stuo, saa kjista vart sett paa dem.
127 Eg veit at slekt øl og brennevin var vanleg i gravøl i gamle dagar. Det har eg fraa ho Lina Tennvik som enno med sine 97 aar er heilt aandsfrisk. Men aktual

13068

 NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

noar og korleis det vart servert, veit eg lite
om. I 1904 var eg med i eit gravöl i Lille-
flor i Flornes i Sjördala. Der vart brennevin
servert som pung kring alle langbord. Men
i Verma vart dette avleg 50–60 aar før.
Truleg fordi vi der fekk vakne aandshövdingar
som leidefolk og forstod at alt dette med drikking
var hedenske skikker. Eg har hört at somme
sa kansje alle av desse gjorde ein stille kamp om dette.
128. Nei kvinfolk var med i kjerkferda liksoa vel
som mannfolk. Kunde einast vera om vegan var
for lang og ver og före heilt umulie.
129 Det var til alle tider rekna for god skikk for
soa mange som mulig aa bli med til grava.
Men om det vart for lite plass i baaterne. Eller
ikkje soa mange heslar i likfölgje at folk fekk
skyds, var det lovleg umskjefning for aa bli heime.
130 Det har vore brukeleg til alle tider i Verma.
131 Den oppfatning er gammel som „alle haugar"
som vi sie. Kunde bli omsnakka som ei alelenge etter.
132 Nei det hus eg ikkje var vanleg. Men etter det
vart vanleg med flag, kunde de bli flagga poa
halv stong. Og at folk som ikkje vart bedne til
gravöle kom poa grefta vart og tegn poa venskape.
133 Divere, det kan eg ikkje.
134 Ja det er vanleg. Men flag poa kvar mands
gard er ikkje brukeleg. Derimot ha mange av
di mest vakne i ei bygd flag under heile den
kjende flagstriden. Markerte slik sit politiske syn.
135 Ja först og fremst slekt og venner. Men elles
er det, ialfeld no ein allemands sak.
136 Det har eg aldri sett. Kansje det likevel er slik no.
137 Veit soa lite om dette.
138 Trur derimot at det aa lett flage heng poa halv
stang heile gravölsdagen er det ælste eg veit om.

13068

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
Emne nr 64 ✕12 

139 Nei det har eg alder haurt.

140 Dei einaste moaten folk reagerte poa slike hövc, var at dem kunde stoppe arbeie ute poa aaker og eng og sto still aa saag poa likfölgje.

141 Har eg alder haurt.

142 Nei! Eit likfölgje for soa still fram som mulig. Noar ein for aat kjerka skulde ein kjör roaleg (sakte) om veien var alder soa lang. Ellende kunde ein vekke op farten. Men alder nokko lystig kjöring Va an ein eller fleire i eit likfölgje hadde roja og skroalar, ha det vorte omtala i mandsaldrar som ei skam for han sjöl og gravöls huse.

143 Kan ikkje peke poa nokkon slik her. For det gamle Hemne er soa vi:sveimt. Fire kjerkje sokn. Men mange einbölte gardar, avsies lib. Soa lika har sikkert vorre bare, til neraste vei eller sjöen. Aa da har det sikkert vorre kvilesteinar for alle höve. Kunde kansje ein eller annan gamel i Heim eller Snilfjorden herader gjeva oplysning?

144 I all fall ikkje heime poa garden. Men det fik vel bli som det hövde i di veilause kronglete stigar. Har iallfall alder haurt nokko om det.

145 Der eg er kjent har eg ikkje sett nokko ummerdag. Kjesta vart sett poa sleden eller vogna og bunde fast med reep gjennom bere:hankarne.

146 Ja det vart dem mörkaste hesten i grenda.

147 Nei det har eg alder haurt. Men det kan ha vore slik.

148 Ja apsolutt.

149 Kunde kjöre litegran fortar heim att.

150 Helst ein usleit. Ellest den som ha mörk hest. Kunde da bli hesten poa garda. Men ikkje kjöraren. Helst ein husmann.

13068

151 Nei han satt helst fram mafor kjesta.

152 Trur knapt det var fast skjikk. Han saat der det hövde. Men han var no med aat kjerkja iallfall.

13068

Førsteblad NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

24

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

| | |
|---|---|
| Emnenr. | Fylke: |
| Tilleggsspørsmålnr. | Herad: |
| Emne: | Bygdelag: |
| Oppskr. av: | Gard: |
| (adresse): | G.nr. Br.nr. |

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

153 Det kan eg ikkje fortel om. Men det er truleg
at folk haut brukt allslags amvalar for aa kom fram
som og alt har sakt: Ein kontaktmann i Heim
eller Snillfjorden kan kanskje svara paa det.
154 Fraa Hemna har eg ikkje haurt om klokkane.
Men ljosa skulde ikkje slokne naar ein bar dein
ut dora fore like. Varsla ikkje godt for den döde.
Men langt nok attende, var vi her og sikker
lik dem Duun fortele om.
155 Aa ja, for den aandelege vekkelse som kom aat
Hemna kring 1830, trur eg troa var noko soa sleik
slik. Ein mann paa garden Oddan var svæleg lei
til aa „drikk". Ein gong han kom heim i fylla
og tumla inn paa laaven, frauss han ihel. Kona
hans sa da ein dag til grannekona ho Ane Oddan:
„Ha' e bere varre soa vel framkommen e no
soa han Ola salig-mann min!" „Ja" sa ho
Ane. „Du slepp nö vel be te Guss om de ell'."
Akkurat soa sleik var ikkje vanleg her. Men naar
ein var ut vanleg braamenneskje, soa kravdest det
ikkje meir. Dette med aa döy paa ein sundag har
eg ikkje haurt. Men kanskje heller, dem som om kom
paa sjöen. — Har ikkje varre direkte sakt. Men folk
reagerte meir roleg overfor ulukko paa sjöen. Kanskje
har det ein samenheng? —

13068

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



## 13 Paa kjørkjegarden.

156 Dom som var tinga til „berara" enten
det som i Vemma skulde vera av slekta, eller
som i Ørkdola prøill ulsleft folk, bar kjista
inn paa kjørkgarden. Svartmaala likskamelar
sto før i inggangen til kjørkja. No er slikt i
lik-kapelle. Før var det slik at ein eller annan
av likfølje henta skamelenne og sett dem attme grava. Det kunde høve at gravaren eller
gravarne (for det var ofte to av dem) alt
var i cerbua med ei ny grav.
157 Nei det var alder brukeleg, aa sett kjista paa marka.
Andre reidskap som spader sto før i kjørkegangen.
158 Er ikkje sikker paa det. Maatte vel vera
kommunen som sørgja for at slikt var paa plass.
Men i gamle dagar da kjørkja aatte heile bygdelag, helt ho vel sjøl all tilbehør.
159 Bærarne som og all har sakt.
160 Var det kalt og slökt ver, var han og alle hestar
sett i hus i nærmaste gard, saa godt det lett seg gjera
Trur ikkje det var nokko serskjill med likkiste.
161 I gamle dagar laut presten tingast og betalast
serskjilt for aa møte og i det heile. Saa det var
bere velstandsfolk som ha raad til den æra.
Men var presten med gjek han i fullt ornat
føre dem som bar kjista. No møter presten
alltid opp ved slike høve.
162 Har alder høyrt slikt nemt her.
163 I gamle dagar var bere standspersoner
borare inn i kjørka. No kan kvenn som helst
faa det slik om dom ynsjer det.
164 Ja det vart alltid songe naar kjista vart
borare til graven.
165 Trur dette alder har vorre bruka i Vemma
166. Klokkorne ringde naar ein kom til kjørkjeporten med like, og heilt til det skulde

13068

jordfestast. Eller til ein song og lola att med grava. Da noar like var jordferd ringde Klokkane til ein var Komen ut fraa kyrkjegarden.
167 Det lig soa langt attende at eg veit ingen ting om det.
168. Vi kallar han rett og slett gravarn.
169 Kan eg ikkje svare paa. Folk laut vel søig for det sjøl i kvart enkelt høve.
170 Det ligg bare 30 - 40 aar attende, at likfølgji sjøl kasta att grava. Ein kunde paa gravaren til det mot serskjilt betaling.
171 Det har eg alder havet. Men eg har sett at nærasta slekningar steig framgaa grava og soa ned ei stund. Dei sto alle di andre heile stille!
172 Nokkon serskjilt meining utenom den gudslira jor er vanskeleg aa nemn. Men det var soa stort i folks augo dette, „Aa kom vel i jorda" Det vil sei i sømd og ære. Aa helst med eigne midlar. Det teltet ikkje lite i gamle dagar. „Han ha no, soa han kom vel aat jorn". Det var tyngre aa si. for dem som „varna han til". Han kom soa aat jorn kanno og paa fattig mands vis" (Paa andres bekostning)
173 Ja det var nødvendig i rokk og fokk.
174 Dem som ha raad til det, sette gravstøtte. Skulde ein paa grava „opphøja" det vil sei lake opp toro soa grava var synleg ein halvmeter paa lag, laut ein gjer det sjøl, eller paa gravaren til det mot betaling. Somme sette malmstøttor eller plator som laag flat paa marken med innskrift, namn og aarstal. Jamne eit gudsord. Men di fleste laga seg tre-krossar kvitmaala med svart skrift.
175 Kvar enkelt som bur soa nære kan pyjne

13068

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



grava. Men no har Vemme kyrkja ein fast
gartnar som held orden. Det er soa vakkert!
176, Eg har haurt at slike i gamle dagar vart
grave ned tett inn til kyrkemuren. Men utanfor.
Og at klokkone ikkje ringde. No bli det ikkje
gjort nokkon forskjel, som vel er.
177 Kom i det heile ikkje innom kyrkjegarden.
178 Det har eg alder haurt
179 Tett oppe til muren. Men utanfor.
180 Er ikkje sikker paa det. Men ringast for
dem skulde det ikkje. Men dem vart lakt paa
kyrkjegarden som andre.
181 Ja dem vart visst stukket inn i muren og
"fjoska = over" likegran. Men helst vart dem
lakt i grav saman med eit anna lik. Det var
det vanlegaste.
Gravöle
182 Gravöl er det eldste. Og det som bli mest
bruka enno. Men likferd er og like gammel
og har vorre bruka jamsides gravöl. No held
ordet begravelse paa og bli bruka allsaat.
183 Helst ein eldre mann. Men skulde vera ein
utanom huse. Kunde goa an at [illegible]
ein av husmennenae vart sende. Ellest var det
i kvar grenn einkvar, helst av smaafolk som
ha denne posten i alle hus. Alder eit kvinnfolk.
184 Eit bauslag er det som no, anten det er sorg
eller glede. Ei gamle tradisjon, som er nokso seigliva
185 Han skulde vera helgakledd. Har ikkje haurt
om verken stav eller serskild klaa.
186 Han moatte fara still fram. Stoa ved döra til
han vart beden aa sett seg. Bera fram ærendet si
i velvalgte ord. Tass paa soa alle i huse vart bedne.
Kaarfolk tjenara, eller slar lausfolk. Var det ein
i legd eller forpleining paa kommunes rekning i
huse, moatte han nemnast som di andre.
Kaarfolk vart bedne serskilt. Om nokkon var

13068

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

soa gamel eller sjuk at han knapt kunde kom, vart det likevel sakt poa ein fin maate at om han kjende seg saapass – soa var han velkomen. Vi borna sto ofte spent og haurde etter om han nemde os. Det vart i aller fleste höve gjort.

187 Diverre kan eg ikkje det. Haur nok slikt vart sitert i min tidlege barndom. Ha for lite vett dengongen

188. Han vart beden til bords. Men oftast ha han nöye fått mat. Der det er lettgjort bli det slik.

189 Ja var det lang vei. Da posten gjek slik.

190 Ho Lina Tarnvik som eg alt har nemnt 97 aar, fortelte at det i hennar barndom kunde vare 4–5 dagar. Eller rettare soa lenge maten vara. Men di siste 70–80 aar er ein dag vanleg. Langfarande gjestar, eller grendesfolk som ikkje kom förste dagen, kan da bli andre dagen. Men dette er slett ikkje almindeleg.

191 Vi har haft og har enno „samlingskveld". I 6–7 tida om kvelden för gjävöle kjem heile bauslage. Helst tjenestejenta eller dotta i huse gaar da med „beiningen". Vi seie vi „beine" ättlage. Den kvelden var det först törrmat, med öl eller mjölk i gamle dagar. No kaffe. Seinare om kvelden var det kokamat. Först eg kan minnast ferskfisk med smör og potteter. Da den tradisjonelle mjölkegrjn. Suppe ~~med~~ av nysila mjölk og risengrjn. I gamle dagar sjölsakt byggrjn. Gjravölsdagen vart folk först dem kom buden öl av store bollar. Da kringler eller anna bit-ti. Da soa frukost: Törrmat, smör, ost og kak. I gamle dagar vart slik kake baka heime av mjöl avla poa garda. I beste fall tilsett litegran kveit og finare rugmjöl. Midag: Helst ein kjöttrett. Somme ha fisk=midag. Kveite om det var muleg. Soa fik dem kjötte „saadde" noar dem kom att fraa kjerkja. Ölbollen gjek rundt borde gong poa gong noar det var saltmat. Da om kvelden römmgraut, bredein salt rett etter. Da soa öl. For dem som var i huse andre dagen

13968

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



vart sodd og römgraut oppatvija og servert.

192 Skulde ikkje servere salt=fisk eller gamelt kjött. Aa slett ikkje sill om ho var alder soa fersk.

193 Slikt har eg alder kaunt nemt.

194 Ja det er og har vorre staaande regel. Vart ikkje rekna for sömelag.

195 Det kun og knapt har vorre aalment.

196 Ja dem som ha lang veg, tok beiningen med noar dem kom. Grenda kom kvelden för.

197 Tjenestejenta, dotra poa garda, eller andre. Helst dem som ikkje kunde vera der gravølsdagen.

198. Det har eg alt fortalt om. Moa ellest nemn at det har vorre og er skjikken enno, aa leg litegran mat inni beiningskorga eller laupen noar ein takkar for beiningen og sender koppen heim-att. Kvar grenn har sin faste skjikk slik og. Ei kvit sirupskake, et halvt bröd eit par kg. gomme (ost) som liksom er tröndernes nasjonalost og allid med i beiningen soa sant ein eig ku. Aa soa litegran skjenk=bröd (kringle og jölekak) som ofta vart nemt som skjenkbröd fordi ein fik slikt oppi handa etter dram og öl. Den som bar beiningen tok koppen med dette i heim igjen. Slikt kallost aa legg ni koppan. "Husmora aa ei av matmödrene, dem som bar maten poa borde la ni koppan."

199. "Smöre skulde leggast i form. Moa tte paas poa soa rosorne i forma vistes godt i smöre. Osten skulde ein foa soa slett og fin som soa. Aa soa det tradisjonelle kopp=plagge: Eit heim-vovve linplag poa skap som ein liten duk. Ein la det over korga, sette smöre og osten oppi og la brödvaron forsiktig omkring. Sant poso poa ein fikk ein snip av "plagge" kring smörforma soa ingenting skjipla ho. Var det vaumt, lautein

13068

Førsteblad NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

30

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. | Fylke:
Tilleggsspørsmålnr. | Herad:
Emne: | Bygdelag:
Oppskr. av: | Gard:
(adresse): | G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

litt smöre ligg i breforma. Soa bretta ein plagge godt omkring. Sigt huge poa at slikt som smörpapper ikkje fantest. Ja dette var i min barndom.
200. Ulav sending har eg alder hørt om. Men det kunde vera litt mindre sat eit gravöl, som eit bröllöp. For da var det skjelden mindre enn to dagar. Smöre var allfall störe formar i bröllopt. Ein nerskjylt kunde beine litegran mer enn granda. Serleg mor söster moster farter. Ellest vart slikt individuelt. Aa etter kjenslegjel.
201 Det ligg nokso langt attende. Men dem beint flesk og kjött attoat smör og ost. Slik slabbursmat utgjorde i alle di eldre lag, ein stor del av kosten. Soa mon eg nemna lemsa som var sikker i kvart lag til omkr. 1890 eller og seinar. Ho moatte bakast helst dagan för lage. Aa i endelause mengder. For alle lika lemsa. Aa ho sparar all annan förmat utruleg mykje. Men det var arbeidsamt! Ho moatte smörast eller kvart. Eit kvinfolk stor aa smörde lemse i fleire timar, noa 100–150 skulde da det dem orka. Ho vart smurt med smör og sirup i seinar tid. Men sirupen vart ikkje bruka för omkr. 1845. Kansje nokko seinar. No er lemsa vekk froa alle lag. Kan da finnast privat i jula kansje?

13068

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING


Alle brödvarer bant folk baka sjöl. Tjukkak
stekt i gameldagse oppmura bakaromma. Eller
millom to hjellar. Aa soa vaffelkak istaden
for kjöpte kringlor, kavring og anna. I 1861 var
det eit stort gravöl paa Holden. Den kjende storbonde
og lekpreikaren Eirik Olsen Holden var död.
Oldemor mi Marit Jonsdatter Holden var gamme
kone og opplevde det. Ho gjekk da og kjöpte seg „gryn-
mjöl" hos kjöpmannen. Stekte ein mengde vaffelkak
av dette. Det vart ein sensasjon. Dem delte det utover
alle langborda soa godt det lett seg gjera. Di fleste
ha aldri smakt slikt mjöl för. Eg som er född 1875
minnest ikkje heim baka bröd i gravöl. Heller
ikkje meir enn ein dags lag. Kan soa vill man-
nott vaffelkak. Men lumsa helt seg lenge. Aa
södd og romgraut er aamo alminnelig. Aa soa
brennevin. Aa „egg mi koppan". Men heim brögga
öl er erstatta med „Tomtens". Aa soa oppdekningen!
No er det opp sjer syltetöy i flere sordar hermetikk
og alle slags kjöpt ost. No ringer vi paa meieriet
etter smör og ost, mjölk og römme og flöyte.
Aat handelsmannen etter alt det andre ein treng ~~st~~
Dyrt, men lettvint. Men bere eit kvinnfolk paa kvar gard
soa det er vel nödvendig. Einer paa golva passar ikkje
lenger. Men paa tunet er det anda. Aa ein lyngkrans kring
ingangsdöra er aamo i bruk hos di fleste. Er det mest mykje
mer blomar bruka no, inne og ute. Serleg paa kjola og
grava. Slikt tenkte vi mindre paa för. Men de er pent!
Finds berre ein no som kan fortel om dans og drikk i gravöl.
Lina Tannvik 97 aar. Er forlengst slutt med slikt i Hemne.
Maltöl helt seg hos somme heilt til kring 1880. Men brenne-
vin i gravöl vart kanskje slutt kring 1865.
203 Det hei og knapt. Men folk reiste til byjen og gifta seg
Eller paa eit hotell attme kjerka. Slik var det mange som
gjorde alt i 1890. Er mosla mindre av dette no for
folk som har hus sjöl.

13068

Førsteblad NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

32

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Fylke:

Tilleggsspørsmålnr. Herad:

Emne: Bygdelag:

Oppskr. av: Gard:

(adresse): G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

204 Slett ikkje paa bondebygda. Men kring senteret er det krans og „blautkake".

SVAR

205 Kansje 20-30 aar sia. No sender vi det saman med bleming.
206 Ja vi batt krans av lyng. Eller Efteu og andre potteplanter
207 No kjøper vi kransen i forretninga paa Vinjeöra eller Kyrksæteröra. Tingar i instruft aa namn. kr 10-12-15 kr.
208 Umse med det. Somme lett alle kransar følgje kjista andre leg dem paa grava.
209. Før saag ein ofte slike kransar baade i kjerkegangen og paa grava. No sjer ein alder slik. Gartnaren sorg vel for det.
210 Solid midag med desser og öll og all slags fine kaffebröd. Aa römgraut om det er paa ein gard. Men alder alkohol. Det vilde bli ein skandale.
211 Ja om folk har for smaa hus, er hotell eller avhalds lokale, eller og ungdoms huse det vanlege. Da bli slike hus pynta med blomar og grönt. Aa borda bugnar av fine bukkettar og levande blomar. Aa kvite dukar. Men det er ell gamalt. Dem som ikkje ha kvite duka nok paa alle lang bord laant noan seg fram. Langbordduka av lin og ljos i blanke messing-stakar hører til i gravöl som i bröllop for fattig og rik
212 Det ligg kansje högde 30 aar attende, eller knapt det. Aa ann no bli di fleste dödsfall berre gjort kjent med kvart manads skifte av presten. Aa da berre i ei lita lokalavis.

13068

 

Tilleg.

Det er eit og anna eg lyt fraa med fraa di gamle gravåe
i Hemna. Det var skjikken aa lett di to som grov grava
faa kvar si stor sirupskake. Ein smurt dem med tom-
metjukt smör paa undersia. Aa saa tjukke gomm-skjivor
oppaa. Ha ein lang veg til Kjerkje slik som her i dala, laut ein
nisle seg ut med mat t'örmat og kaffe. Aa laut linge seg
inn hos einkvan nær Kjerka. Da vart gravarne bedne med
inn. Men naar nein var korlar kjærr ein straks at ein
var ferdig paa Kjerkgarda. Det var eit vanleg syn at desse to
gamle gravarne satt oppe mot ein vegg, eller utanfor Kjerk-
muren og skar skjivor av denne „gravarkaka" med tol-
kniven. Kor det skulde smaka for desse fattige slitarne
naar dem ha korla oppe ei grav i aurjord og slem.
Eller naar det var tel i marka. Tydnest enno som eg sjer
han Jo Tjelmselaasa og han Ola Haraasa, eller han Jo
Sjellema med Hauthjukja. Det var kanskje ikkje kvar
dag dem aat seg mett. Om han Jo Sjellemma lyt eg
tak med ein liten ting serskilt. Han ha eit lite plass som
under Kjyrksæter gard. Vei sligan vi gik paa heim veg fraa
Kirksetersöra over (Berge ei Kalla) ein snarveg gjek tett
attme plassen hans Jo Sjellema eller Jo gravar.
Heile den skröpelege stuo hans var bordklædd med
kistefjöle fraa Kjerkgarda. Somme var halvveges kvit.
Andre ha enno svartlakken. Det var sikkert heilt lovleg
For han laut eller eit visst aaremaal grava att paa at.
Hadde forbod om aa grava ned ijen bein som kom opp.
Men fjöle ha han sikkert lov til aa ta. Slikt gjorde vel
alle. Men berre til brendsel. Men fattigdomen er hard. Han
Jo ha sikkert ingen anna sjang te lit aa bordklæ stuo si.

13068

 NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

soa er det eit anna bilette som ofløyseleg høyrer di gamle
tider og gravöl til. Det har grave seg inn i minne.
All fattig folkje som samla seg i gravölsgarden andre
og tredje dagen. Tydlegast eg sjer dem for meg. Ho fiskar=Kri-
sti, ho Korgkona ho Elen Kleivhauga og mange mange
fler. Serleg minnest eg gravöle etter bessmor mi paa
Holden desember 1890. Kansje det ha vore sakt at dem skulle
de kom og faa eit kvart. Det trur eg knapt. Men ho mor og
di andre som stoaka med det, tok det som sjölvsagt.
Alle vart sett attoat middagsborde. Fikk öl og ei kringe
dem stak i lomma. Det er ellest ein eldgamel skjikk baade
hos fattig og rik. Eg kjende ein gamel velstandsbonde
Jon Andersen Rapp. Han ha lött sigar og skraiver hundre
det vasskringler paa ei snor. Det var sjenkbröd han ha
joat i fleire aar. Vasskringla stoar seg i det endelause.
Ja dette vart eit hopp i tankegangen. Men alle desse som kom
slik fikk mat med seg heim. Alt etter som dem ha folk hjå seg heime.
Aa somme spurte om aa faa eit kleplagg etter den döde. Det var delt
ut etter beste sjönn soa langt det rokk. Var kansje ikkje alle som
fekk kler. Men mat fikk alle. Eein smörbit, ost brödvarer. Aa litegra
kjöttmat. Eein laut liksom rekne med denne utgiftsposten, noar
ein vadde seg med mat, til gravöl og brullaup. „Eein manns död
er mangmands bröd" er eit gamelt ordtak. Er vel helst meint om
arven. Men det har ei dubbelt tyding, som slett ikkje var ubetydeleg
i slike harde tider. Kor mange var det ikkje som gledde seg til aa
faa litegran i slike höve. Enda det kunde fell mange tungt aa be om
det. „Aa sett her som ein skammagjer idag da" sa ho fiskar=Kristi den
gongen i gravöle etter ho bessmor. Ho sa sikkert bere de alle tenkte.
Men nöda gjer mangt. Ja dette var Hollagrenda. Soa gale var

Det ikkje i mange andre grender den tida heller. Men det var ein uskriven lov, at dem som aat smout i det, baade i bausslage og lenger utover, skulde smaka frao gravöle og brudlaup. Serleg sjuke og sengliggande. Da vart ei spann med soddel römmegraut, fisk mjölkgrjyn. Kort sak det ein kelt-poa med, bere heim aat slike. Helst ein smak baa alle desse retter. Aa ein smör og ostbit. Aa soa ei kak, og lems og vaffelkak. Ha da gjemt ein eller fleire bettbeinte ungdomar til slike vendingar. Smaka öle skulde dem og. Aa skjenkbröd. Sommars dag, med varme ha det liten hensikt aa lett det sloa aa surne. Det moa alle i slike tilfelle vaa soa pass regleg det sein bar bort, at alle dem i huse fekk eta seg mett. Soa ha eg visst ikkje fortelt at det var skjikk frao aldgammel tid aa „beine" mjölk og römme. Var ein redd at det ein fikk i bauslage vart heller knapt gjek det godt an aa goa utom den krindsen og be om mjölk og römme. Serleg kreip det om slikt, andre brudlaupsdagar. Var ikkje spök aa laga mat aat 150-60 mann. Aa at det vart knapt om mat, var no ei bra skam! Soa kunde det flyt inn soa mykje at det sto store spann og vilde surne vekk. Soa kunde ein bere seinn det aat folk som ha lite mjölk, eller betol aat dem, som ikkje aatte ku. Enkers i grenda eller utenom. Ja no har eg fortalt om kva som var skjikken blant vanleg bra folk, som vilde ha æra i behold. Aa kom „vakkert aat jor" er eit gammelt uttrykk. „Han kom da aat jor" soa ein mainn". Da var det mykje pao gravferda og. Aa pao kva som vart gjore aat fattigfolk. Aa soa prestegaara. Dem kan ikkje glömmast. Var presten og frua bedels aat gravöle, men det var bere kos di aller beste, da skulde ein legg ein ost og ei bra smörform og nokko brödvaror i ein laup, og tak

 NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

med aat Kjørka. Da noar presten ha halde tale først heime i hùse og ved grava, og liket var jord-festa eller det vart kasta jord poa" som vi sie og presten skùlde heim fekk han denne mattaugjen. Var det kort veg heimat, vart han beden med igjen og fek først denne graven noar han for heim om kvelden. I seinare tid har prestfolkje ein krans til kjista. Slikt var lite brùka før. Vilde ellers vore ùmuleg for prestfolk som kùnde bli med litt og ofte. Men det vanlege i gamle dagar, serleg for smoafolk, var at like vart lakt i grava og likfølje kasta att grava. Sette soa ein staùr ned i den laùse jorda. Soa fekk gravaren meldte froa aat presten kvenn si grav det var. Eg kjenn ikkje at det vart halde 3-4 jordpoakastelser bortover kjerkgarden. Da kùnde somme av poarørande møt opp. Men ikkje alltid. Kùnde vera 2-3 mil kvar sjøvei. Da vere var soa ýmse. Dette var før det var 4 kjerkjor i Ùlemma. Det var berre to. Da dem ligg bùe soa aa si i sentrùm. Men var det ein eller ei av odslandsfolk som vart jordfesta froa desse ùtkantar, soa vart presten beden om aa møte poa grava. De laùt likevel bli ùt besøk poa kontore hos boade prest og lensmann noar ein melde dødsbod. Soa det var lettvint og bed han om dette. Ein høyt higre poa at telefon og post, fantes mest ikkje i ýtterkantan. Da noar presten møtte opp ved grava, var prestegoava sikker. Det vart halde for ei storære at, dem ha presten poa grava" Dem som ikkje ha han med, slappe prestegoava. Somme som ha presten boade heime og attme grava, tok seg ein dag seinare ein tur til prestegarden, med det dem vilde forære presten. Da var dem mottekne som jestar og opvarta poa det beste. Dette var igrùnnen den fineste form for prestegoava. Da vart brùka av mange som vilde skapa eit mer intimt forhold til prestfolkje.

13068

kunde vel og hende at det var eit eller anna som laag tungt paa den som satt att i sorga. Aa at eit slikt besøk nör presten var utkjerkommen höve til aa snoke ut. Gamle prestar som kjende bygda ut og inn, og ha det rette tjuvelage kunde ha ein stor innverknad paa mange vis. Hadde presten först sakt, at slik og slik var de rettaste, ja saa satt det som spikar i vegg.

Nå er dette bilette og kar tegna av gravölsskjikkar i gamle dagar nokko kallande. Det fanst folk som sett ikkje litt det flyte saa lett med god mat og sjenk i eit gravöl. Om dem visste skjikken pröva dem paa utalige maatar aa knipe inn paa maten. Aa litt helst brygge saa lite öl, at kjellarmannen laut knip paa det. Aa kokk og matmor laut best bere som dem ikkje saag noan. Det var snaut utetter alle bord. Husbondsfolkje visste vel kva som var skam i dei fleste tilfelle. Men beit haue taa skammen, bere dem kunde spara! Aa til slike hus, kom det sjeldan nokkon aa bad om mat eller klee. Eit pinhus var velkjendt lik-saa vel som ei godhjarta kone. Einast kunde vera, at presten fekk greva vi. Ein laut halde seg inne med han, kads all. Det hende i slike höve at baade den eine og den andre av dem som hjelpte til, laut arbeide baade to og tri dagar mest gratis. Ein liten bit mat, ein kopp eller eit halvslitte kleplag, var betalinga. Aa husets folk kunde gjöm bort eller lese ned mat, slik at folk for halvsvoltne heim-att. Aa jau det har nok sette mang ei "Igle slygg paa bondens rygg" baade för og no. Eg kjenner ein

13068

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

velstandsbonde (vellast aa ikkje nemme namn.) Han helt bröllop eat dotter si i 1945. Han gjekk med slabbeirsnijkjolen i lomma sjöl. Oppvartarne laut be han foa loane nijkjolen kvar gong dem skulde aat slabbure. Han ha sett seg arg poa allmalem som gjekk med. Aa aktuelt da var malen nijkjy ved.
Lyt sitt poa nemne alle desse husmen inderste og familier som losjerte hos andre. Aa strannsittara som pa böksla seg ei stuvtomt, og mest ha bare sjöen og tilfeldige jobbar. Dödsfall var vel heller hyppigare hos slik enn hos folk som var likar stilla. Kom ei farsot kunde de döy 1-3 barn hos slike. Dem pröva da som andre, aa ha eit lite gravöl. Laut bed om kjötfjörke og det som trongst, hos andre. Var liksom kvar mands plikt i bannslage aa hjelpe dem. Aa om barne som var död ha fadrane sine i live, laut dem vera sjölmint om aa gje likkiste og kjisle. Slektninge og at kommuna laut spandere slikt. Begravelse skulde slike og ha. Men det vart som regel mindre. For dem ha og beint mindre sjöl. Slikt vart nöje rekna. Soa vart det da bevertning deretter. Eit moal fisk til middagsmat var nok her. Kjöttmat venta ingen i slike höve. Aa kanskje ein römgraut noar dem kom att frao likferda. Dersom granncarne lett dem foa soapas mjölk og römme. Men det vart vel soa ymse. Hos slik var det ingen som venta nokko serskilt gravöl eller poa.
Om kjyrkesleven kan eg kanskje skriva lite. Han var oftast den sammo, som song ut like. Helst leraren. Ellers ein som kunde söng. Aa snakke lett for seg. For han laut liksom kjenn

13068

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 

heile grenda. Han laut lesa bordbøna høgt og greit og greit, såig bordverse, at be folk forsyne seg. Men han laut fram om alt anna pass paa som folk fekk rette plassen attme borde. Folk kunde vera neitekande slik. Han laut ha god greie paa skyldskapen. Aa paa kven som la mest brett paa aa sitta høgt. Aa sva var det hans plikt aa pass paa, at alt gjekk sømeleg for seg. Eg har høyrt ho gamle Lina Tannvik fortelle fraa gamle dagar, at det vart mindre og mindre med dans og drikking i gravöl, noar han Elias Heimsjöa var skjømeislar. For han helt folk i aga han. Saa var de ein dem kalla Ola Lyngen. Han var innflötta aat Snilfjorda. Baae desse var sterkt religiöse. Aa meir enn vanleg begava. De var desse to som smaatom senn vann over denne gamle hedenske sjikken med drikking og dans i gravöl fortelle ho Lina Tannvik som no lig paa Eidsfos gamelheim i Hemne. Ho er 97 aar. Aa ho har si fulle sans. Dette gjalt Heim og Snilfjord som no utgjer to kjerkjesokn. I indre Hemne og Vinje kjerkesoknen, var det etter det eg har funne ut heilt slutt med dans og skjenk i gravöl saa seint som for 85 aar sia. Eg har høyrt at det var eit gravöl gravöl i Södala der det var dans og drikking. Men det lig meir enn 100 aar attende. Hadde kansje ikkje vorte snakka om det so mykje at segna om det ha levd til idag. Men folk undrast slort over at dotter hans Anders Södala dansa ho og i gravöle aat far sin. For det meinte folk var usömeleg. Di nermaste slektningarne skulde vel vera sorgfulle liksom til skue. Dette har eg etter ei gjentje Eriks dotter Stölvei f. 1861. Aa ho ha det etter besmor åe Maria Stölvei som satt paa ein plassrom under Södalen.

13068

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

At folk „gjekk att" har eg haurt lite om. Men soa nervös som di aller fleste var kring död og gravferd, soa er det sikkert mange som trudde dem soa gjenferd i ei eller anna form. Men det er ein ting aa merkje seg her: Om nokkon „gjekk att" var det etter gamel laukegang ein som ha gjort eit eller anna gale. Aa som ikkje fann fred i grava. Men eg har bere ei slik historie froa Uemma. Aa det er soa seint som kring hundre aarsskiftet. Ei ung jente poa Grötan döde og vart gravlakt poa vanleg vis. Jenta ho Marit Halvardsdotter var söskenbarne hans far. Soa det muse kaus likoom lit familien. Jenta var religiös. Mora der imot förte eit heller usömeleg vis liv i utruskap mot mannen sin han Halvard Larsen Södal. Elste sonen hans Halvard han Lars var gift og bygde seg hus poa eigedomen. Kona hans vilde helst vera for seg sjöl. For dem ha ikkje lekegardens anno. Denne kona hette Gunnhild og var född i Medala. Ho dreiv aa sauma aat folk. Da syjerinna döde, var det ho Gunnhild som laga sveipen og fjelga like og la ho i kjista. Han Lars var borte poa arbeid fortalte ho Gunnhild. Det var ljose somarnatta. Ho og di to borna sov godt. Men best det er vaknar ho. Ho tykte i halvsömnen at einkvan snakka aat ho. Da ho sler op auga, stoar ho Marit Gröltan der framfor ho. Eg soa liksveipen eg sjöl ha laga nyst. Soag det soa vel som eg sjer deg no, sa ho Gunnhild. Snakka ho aat deg da? spurte eg. Ja vist snakka ho aat meg. Ee de du Marit? sa eg. Ja. No lyt du gra med ei bau aat ho mor. Aa soa fortalte ho meg nokko om mora. Aa ho bad meg ikkje sei det aat ei sjel, utan bere ho mor. Aa dermed var ho vekk." Kunde ikkje dette vera ein draum trur du? For ein kan dröm utruleg livakklig somli.

13068

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING





Aa nei. Dette var nok ingen draum. Eg bar da fram baua ja. Men kolles eg for oppover aat garda den morgon veit eg mest ikkje sjøl. Men eg kom da fram og fék fortalt de til ho bessmor. Men korleis tok ho Gartrud det da? Aa nei ho sa ingen ting. Men eg trur ho tok det tungt nok. Ho var visst ikkje mange mark. (Noar ein er redd er ein ikkje mange mark) Men eit par døgn seinar kom ei kvit skapna inn poa bofte aat ho Gjertrud og han Halvard poa Gjøtan. Det leid langt poa notta. Men fjøst. Han Halvard reist seg opp i sengen og sett ti heller kvast: „Ha dokk utatt. Eum aa farra slik hos folk" Han trudde det var vanleg nattsjøarar. Men soa sie han: „E de du Marit? Da vart ei kvitkled hand retta bortover senga. Aa han naur svavel moale hennar Marit: Mor, mor! Opp aa gjer bot!" Soa var alt vek. Dette sat den gamle trüverdige farbror hans far og fortalte i godt trü-moal, nærdan han törka toaran. „Du skulde snakk med presten om dette" sa han far: „Ja det har eg gjort" sa han. Aa han sa berre, at det kan verä at Gud poa den moaten vil hjelpe kona di til aa omvende seg. Aa for han er ingen ting umulég. Det goar iallfall ikkje an for meg aa benekte at slikt kan hende"
Det var presten Amljot Solem, som den gongen var prest i Henna. Ein slekt religiøs mann som ofte soag om ho Marit Gjøtan da ho loag sjük. Det vart eit veldigt røre vikking denne hendinga, aa mange meinte at all var berre fantasi. Eller at det var nattsjøarar som hadde prøva aa sette støkk i denne lettferdige kjerringa. Snakke hell segi mange aar. Hendinga gjekk for seg omkr. 1896. Elles var folk varsam med aa snakke om slik dem trudde dem ha sett. Det var soa den

13068

 NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

sak aa stemple ein evdöd som ein som hadde vore soa lei, at han ikkje fann fred i grav. Slikt vilde nok reagere. Aa om nokkor saag ein av sine eigne gjikk att, var det lite truleg dem vilde fortel det. Men no ska eg fortel ei historie som ser derme paa slan den ikel. Det hende 4–5 aar sidan Sövasslia, som höier Orkdala til, men lig berre ei snau mil herifraa e mest som granne med os. Det er to gardsbruk. Iövergarda döde mannen han Anders Olsen. Enkja ho Marit Jonsdatter f. Grinna sat ein dag paa bursKloppa med bundingen sin og saa utover jorde. Ho saa di to hestarne sine gjikk paa andre sia elva paa beit. Ho haurr bjölla saa vel. Best det er kjenn det ein Kar i graa brok og ei svart rumtröje bortover aat heslan. Han stod ei stunn aa klappe dem. Doka ho Karen kjem over tune. Aa ho Marit ropa paa ho. Ho kom aa spurte kva ho vilde? Sjer du denna karn som stoar aa klappa heslan? Jau ho gjor da det. Kvemm di trur det e du? spör mora. Ho sjer paa han ei stunn. Ja ha han Anders levd, soa ha eg sakt det var han. (Ho Karen var stjödotter hans Anders) Ho sa ikkje far aat han. Ja sa ho Marit. De e no han Anders og. Dem sto og soag at han böyer seg ned og stryk tri fire gonger over foten til svarten. Aa dermed e han Anders vekk. Dette fortalte ho Marit til Köna i ner-garda Sövasslien ho Olina Arntsdatter. Men ho fortalte og at svarten vart dau-halt etter dette. Aa det var da nokko alle kunde sjoa. Han gjek aa linka heile sommaren. Men kva du trur dette tyder paa da? spurte ho Olina. Det lig bere paa at han Anders ikkje vil os bere vel det. Aa elles har han vel kansje eit og anna og tenkje paa som han skulde gjort annsless aa tenkjer eg. Var ikkje haurt at forholde dem imillom var verre, enn hos anna folk. Men ho Marit var kalde for aa vera mest unaturleg stiv og hardhjarta.

13068

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING


Det var ein husmann ünner Sövasslia för i tida. Han
Lars Sövassli=dalan var ingen blaüfjerk akkurat. Hard,
og skeng. Mot Kjerringa var han eit troll. Ein julekvell hadde
ho ikkje opfört seg som ho burde. Da han Lars lempa ho ned
i potetkjellaren. Han sette hoggstabben paa luka og sett paa
stabben heile julnatta. Slike historiar gaar det att mange
av, etter han Lars Dalo. Men soa ein vakker dag var
Kona död. Da grannane var samla til likferda i den
vesle heimen. Midt paa vintra var det. Da vere var slik
att ein saag mest ikkje husvillom. Baade han Lars og
andre karfolk leukte med grü paa den to mil lange
ferda til Fannremskjerkja. Ei mil over den aude veikarde
og illgjetne Sövassli=Kjölen. Da soa heimvegen da, i svar-
te natta – midt i mot vestavera. Han Lars tykte dem
samla for lenge för folk endeleg hadde varre til bords
to gong, som skjikken var. Men endeleg kom kjista inn
i Huo. Da han som skulde sörg=ut, stille seg opp aa song
eit par vers. Soa skulde han liksom halde ein tale. Han
tok i paa ekte bokmaal: „Det er sant som Salomo siger —
Ja det er sant som Sallomo siger" sa han. Men soa vart
han staaande aa kremte og fomle. Kom ikkje lenger. Men
da reise han Lars seg opp, kutter kvast: „Ja no faar han Salla-
mo sei kva han vil. Her no lek vi hoi." Bersamme reist
seg og opp. Tok kjista og bar ho ut paa sleden. Da soa
bar det i vei. Denne replikken etter han Lars har vore
heama no i mer hell 70 aar. Da vil nok leva paa folke-
munde lenge ennaa. Soga etter baae desse siste historier
er fraa Orkdala. Men for os somligg opp til bygdegrensa er
det i gammelaga. Da ellest er baae to desse spikkan soa paa

 NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

bemerket at dem fortjener aa kom poa prent.
Soa ei lita solskjens forteling fraa det gamle Hemme.
Han Elias Heimsjöa som eg ha nemnt för, hadde vorte enkjemann. Kona laag poa likstroa i stabbure. Dem dreiv og stoaka til likferda i den vesle heiman. Jenta som stelte huse for han, hadde glömt aa hent mjöl til kveldsgrauten. Aa det begynte aa sjömm. Soa ho kvidde seg for aa goa aat bua etter mjöl. Han Elias tok laupen sjöl og gekk. Men poa bruaklopppa satt de ein svart skapna og stengde vegen for han. „Kva du vil her du" sa han Elias. „Ho Beret no haur vorte le me ho levd. Aa aat kan kom ho da ho dödd aa. Soa her har itt du noa du ska gjer du! Dermed kom sjöne bort. Han Elias henta mjölet og gikk inn. Sælt seg ingenting naukje. Men noar han fortalte dette i all skillheit aat sine trusfeller sa han: „E vart ittain gong redd." Han tok det som ei prövne poa si kristne tru.
Aa sjoa noa-ljös lydde det död eller olökk. Aa det syne eg ikkje er det minste rart. Det verkar mystisk noar ein i mörke stille haustkveldar sjer desse bloa-kvite blafrande ljös. Serleg over aude myrar. No veit vi kva det er. Men kva visste di gamle om dette. Dem visste bare at dem stött var omgeven av aandar, gode og onde. Kanskje mest onde. Men eg minnest ei gamel kone, ho Magnhild Olsdatter Lidalan. Ho meinte det var smoa-tufsan som koka til kvelds aat seg. Ho Magnhild var född i Reithauga omkr. 1830. Aa soa noar det knekt i veggen. Eller knakar i lofte, nattens stider. Det har og vorte halde for fegdavarsel. Om draugen og alle varsler for sjöfolkje har eg lite aa fortel. Hemne er ei sjöbygd. Men det

13068

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 7



er soa vidsveimt. Men kansje ingen landkrabbe har soa mykje varslar og legne aa ta vare poa som sjømannen. Han sless soa aa sei med dauden, heile sit liv. Det er sakstatt folk var nervesterkare før. Men eg er redd for at det var mange „nervesvake" før og. Heile live vart for mange ein dagleg kamp for aa passe poa alle laiten og varsler. Dem „kjent det poa seg", noar nokon i huse var feig. Eller ei ulykke snart kom over dem. Men slikt kan vel folk sei idag og. Aa litegran overtru og tru poa varslar har vi enno. At folk vart noa=bleik, eller bleik som ein dauing er eit gammelt utrykk. „Kors aa lell, kor du skremt med" kunde folk sei om ein kom for broatt inn poa dem. „Der ligg det jammen ein dauings=kors" sa ho Eli=Marja bu-dua hennar mor, noar det vart liggande spon og halm-stroa i kors poa golve, eller tune. „Tru kvenn som no er Hølle=froa". Aav barna lo aat ho. Skike itt aa fleir aat dit barn. Dauin haine e itt aa sjøk med han. Ho Maria var fødd i Venjefjorden onker 1840.

Vassli 28 feb. 1957

Gjuri Lomundal.

13068

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Tillegg til emnebrev no 64

Denne hendinga goar for seg, omkring 1800. Slupphaugen som no er ein fin gard, var dengongen ein liten husmandsplass ünner Sluppen. Det haur Rindala til. Nöer de 70-80 aar sia det kom over til Hemne bygdelag.
Han Lars Slupphauga drükkna i Sövatne. Aa grannan kom saman og sokna etter han dag etter dag, uten aa feinne han. Ein av dem fann hatten hans Lars. Han leverte hatten til ho Brit kona hans. De e vel hatten hans Lars dette veit eg? sa han. Ja detta e hatten hans det ja sa hö. Aa det va rik-lig bra dü faiinn en. Fer hatten e mesta nij ham! Aa – sa mannen. De kümme no vaere vel saa bra om vi ha fünne hainn som aatt hatten og da: Ja æ veit itt æ nei. Fer om di ha foinne han Lars no, soa ha eg moatta halde likfer æ. Soa det ha vorte boade prakk og kostna. Men no slepp æ da det sa ho Brit.
Slupphaugen ligg poa nordsia av det vakre Sövatne. Men poa sörsia av vatne ligg Jössaavollan. Tri smoa fem gardar. Poa ein av desse gardar büdde to barn-lause folk, Pernille og Tore. Dem var slik kring 60-70 aara da han Tore fikk lungebetendelse ein voar. Det sto hart om det, med han. Men sjukdomen gav seg. Aa han begynte aa rusle opp ejen. „Ja no e du vel glad Pernille sa grannekona ho Johanna ein gong dem treffast. Fer no stoar de da til lov med han Tore og." Ja glad ja – men. Det e no vel lite gagn i detta lell. Bli frisk att no. Aa soa

Bet 10/4 57 13068 

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 

Kansje bli kleinsjer, snart. Aa soa døj da! Det sjer mest meiningslaust ut, sa ho Pernille.
Eg trur dette var i 1908. Lyt og nemne, at desse tô gamle levde fredeleg samen all sin dag, etter kva eg har haurt. Soa ein lyt undrast kor kjøynisk og skall, orda kan falle somti.
Di to siste stubban eg skreiv aat dykk i emneliste 64 om han Anders Sövasslien og soa han Lars Sövasslidolo er og henkingar kring Sövatne og skulde likoom haurt samen. Men eg gløymt det. Det er sikkleg leit!
No sender eg dette. Er slett ikkje slik aa forstoa at eg ska ha pengar for dette. Det er min feil at det ikkje vart med strokst.
Takk for pengan!

Vassli 30 marts. 57

Vyrdsamt Guri Sommundar